

BERGEN KOMMUNE
Postboks 7700
5020 BERGEN

Dato	26.11.2025
Vår referanse	2022/81293-32
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Sigrun Wølstad
E-post	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
Telefon	96944535

Att.Anne Christine Knag

**Innvilga søknad om dispensasjon frå kulturminnelova § 14 - Vågen
Askeladden ID. 89237 - Bergen kommune**

Vi viser til søknad datert 24.08.2022 og tilleggsinformasjon mottatt 30.09.2025 om løyve til inngrep i kulturminne freda etter kulturminnelova §§ 4 og 14. I tiltaksområde er det registrert to kulturhistoriske lokalitetar, desse er vist i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden med kvar sin unike kulturminne-id 89237 og 89049. Til dette tiltaket er det ulike forvaltingsstyresmakter som skal handsame dispensasjon etter kulturminnelova. Fylkeskommunen er dispensasjonsmynde for skipsfunn, Vågen jf. § 14, og Riksantikvaren er dispensasjonsmynde for automatisk freda byanlegg, Mellomalderbyen Bergen jf. § 8.

Dispensasjon gjeld for omsøkte tiltak. Kulturminna er framleis freda og eventuelle nye tiltak som er i konflikt, skal handsamast av rette forvatningsstyresmakt.

Konflikt med kulturminne-id 89237: Sjøavsette kulturlag/skipsfunn

Heile tiltaket ligg innanfor kulturminne-id 89237. Etter kulturminnelova er inngrep i skipsfunn som er omfatta av § 14 første ledd, forbode med mindre det føreligg løyve etter kulturminnelova § 14 andre ledd andre punktum.

Etter forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova §§ 3 (2) og 4, har fylkeskommunen mynde til å gje slikt løyve eller ikkje, basert på tilrådinga frå gjeldande forvaltingsmuseum, i denne saka Bergens Sjøfartsmuseum.

Bergens Sjøfartsmuseum skildrar ulike metodar for undersøkinga i si tilråding, mottatt 14.10.2025, mellom anna er det vurdert to metodar for utgravinga i Vågen, ein som gjeld «undervannsalternativet» og ein som gjeld «tørralternativet». Vestland fylkeskommune har i brev til Bergens Sjøfartsmuseum datert 15.10.2025 bedt Sjøfartsmuseet utarbeide prosjektplan og budsjett for «undervannsalternativet». Fullstendig prosjektplan og budsjett vart motteke den 24.11.2025, sjå vedlegg.

Konflikt med kulturminne-ID 89049

Heile tiltaket ligg innanfor kulturminne-id 89049, automatisk freda byanlegg frå mellomalder. Etter kulturminnelova § 3 første ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne forbode med mindre det føreligg løyve etter kulturminnelova § 8. Etter forskrift om fastsetting av myndigheit §§ 2 (1) og 2 (2), har Riksantikvaren myndigheit til å gi slikt løyve eller ikkje, basert på tilrådingar frå Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU). Saka er difor oversendt Riksantikvaren, som rette mynde når det gjeld kulturminnelova sine fredingsføresegner for Mellomalderbyen Bergen. Riksantikvaren sitt vedtak datert 25.11.2025 er vedlagt.

Utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne


Riksantikvaren har mynde etter forskrifta § 2 (1) til å fastsette omfanget av kostnader i eige vedtak, basert på vedtaket og vilkåra fylkeskommunen har gitt. I denne saka vil det bli fatta eit samla § 10

vedtak om kostnader, som inkludera Bergens Sjøfartsmuseum og NIKU sitt budsjett. Riksantikvaren sitt vedtak datert 25.11.2025 er vedlagt.

sjå vedlegg.



Figur 1. Raud markering viser automatisk freda kulturminne-ID 89237 Vågen




Figur 2. Raud markering viser automatisk freda kulturminne-ID 89049 Mellomalderbyen Bergen

Vedtak


Med heimel i kulturminnelova § 14 andre ledd gjer Vestland fylkeskommune følgjande vedtak:

I samband med tiltak mot forureina sjøbotn i Vågen som gjeld mudring, tildekking og erosjonssikring av sjøbotn med reine massar, spesifisert og kartfesta i tilleggsinformasjon frå Cowi, datert 30.09.2025, vert det gjeve løyve til tildekking av sjøavsette kulturlag og skipsfunn med kulturminne-id 89237, jf. kart datert 30.09.2025, vist i mottekne svar på spørsmål om tilleggsinformasjon – Dispensasjon frå kulturminnelova, Vågen Bergen.

Løyve gjeld berre dei omsøkte tiltaka og fell bort dersom tiltaka ikkje er iverksett innan 3 år frå dette brevet er motteke.



Figur 3. Omsøkte tiltak, tildekking, erosjonssikring og mudring vist i innsendte søknad, datert 30.09.2025



Figur 4. Omsøkte tiltak, tildekking og erosjonssikring vist i innsendte søknad, datert 30.09.2025

Vilkår

Løye gis på følgjande vilkår:

Bergens Sjøfartsmuseum skal før anleggsstart foreta ei arkeologisk gransking av kulturminne med id. 89237, som skildra i vedlagte tilråding og prosjektpån. Utgravinga skal gjennomførast som skildra i «undervannsalternativet». Det skal takast ut kjerneprøver i deler av hamnebassenget og Bergens Sjøfartsmuseum skal også overvake delar av områda under gjennomføring av mudringa.

Tiltakshavar kostar den arkeologiske undersøkinga, jf. kulturminnelova § 10.

Dersom det blir gjort andre funn som omfattast av kulturminnelovas § 14 om skipsfunn enn det som er registrert, id-89237, må det fattast nye dispensasjonsvedtak med løye til inngrep i desse med eigne prosjektskildringar og eigne budsjett for evt. arkeologiske undersøkingar.

Bergen kommune ved Renere Havn sørger for å avklare eventuelle praktiske forhold av betydning for gjennomføringane av det arkeologiske feltarbeidet med Bergens Sjøfartsmuseum.

Skildring av kulturminne – Vågen

Kulturminne-id 89237 er eit kulturminne definert som *skipsfunn* i tråd med kulturminnelova § 14, som omfattar store delar av Vågen. Bergen var Noregs og Skandinavias største og viktigaste handelshamn gjennom store delar av mellomalderen og fram til slutten av 1700-talet, då særleg under Hansaperioden (1250-1750). Bergen si historie som handelsby gjer at Vågen i Bergen er ein av dei mest innhaldsrike marine kulturmiljøa i Nord - Europa. Vågen er også ein del av nærområdet til Verdsarvstaden Bryggen, og er definert som ein oppsluttande verdi til verdsarvstaden.

I samband med dei marinarkeologiske forundersøkingane i Vågen (2009-2010), blei det registrert store mengder av ulike funnkategoriar frå mellomalder og fram til i dag. Kulturminnet er danna av gjenstandsmateriale og ballast mista eller kasta frå båtar eller skip i hamneområdet. Kulturlaga har ei utstrekning som omfattar heile hamnebassenget Vågen. Det er registrert fleire forhold som gir ulik bevaringsgrad av gjenstandsfunn in situ, mellom anna gjennomførte mudringar, ankerhallingar, propellstraum og eksplosjonen på Bryggen i 1944. Trass dette er dei marinarkeologiske kulturlaga og stratigrafien på sjøbotnen uvanleg godt bevart i delar av området. Spesielt gjeld dette for område definert som sone 3, 4 og 5 i rapporten frå den marinarkeologiske forundersøkinga i Vågen.

Basert på kjend datagrunnlag er potensialet for nye funn av gjenstandar og marine kulturlag vurdert som høgt.

Skildring av omsøkte tiltak

Bergen kommune ved Renere Havn skal gjennomføre tiltak mot forureina sjøbotn i hamneområdet Vågen, Bergen. Tiltaket er ein del av 17 kyst- og fjordområde i Norge som er prioriterte for opprydding i forureina sjøbotn. Kartlegginga av forureiningssituasjonen i Bergen hamn viser svært høge forureiningsnivå av tungmetall og organiske miljøgifter i Vågen. Risikovurderinga av området viser stor fare for spreining av miljøgifter og negative effektar på økologi og human helse.

Renere Havn skal isolere dei ureine massane i Vågen ved å tildekke sjøbotnen med eit lag som består av reine massar. Laget skal være frå 30 til 40 cm tjukt og bestå av knust berg, med mykje finstoff, sand, grus og mindre stein, mesteparten av partiklane ligg innanfor intervallet 0-64 mm. I områda der straum frå båtpropellar er sterk, skal eit ekstra lag med grovare stein påførast over for å hindre erosjon av isolasjonsmassane, desse laga skal vere mellom 30 til 40 cm tjukt. Totalt skal laga ikkje overstige 60 cm tjukkeleik. For å oppnå tilstrekkeleg seglingsdjupne må delar av området mudrast inntil 60 cm. Detaljeringa av tiltaksløysingane er vist på oppdaterte tiltakskart for Vågen revidert 30.09.2025 (figur 1-2 og figur 1-3). I nokre få område nær kaifrontar skal det leggjast betongmadrassar med 10 cm tjukkeleik.

Tildeckingsmassane i Vågen skal påførast sjøbotn ved at massane søkk gjennom vassøyla, avgrensa av eit nedføringsrør, eller eit utleggingshovud, slik at utplasseringa av massane blir kontrollert. Dette skal gjerast lagvis i område der det er naudsynt med erosjonssikring. Større stein vil difor ikkje røre ved eksisterande sjøbotn. Det er gjort utgreiingar som seier at kulturlaga i lita grad vil bli påverka av tiltaka.

Bergens Sjøfartsmuseum uttalar

Bergens Sjøfartsmuseum har i brev mottatt 14.10.2025 uttalt seg til søknaden. Museet tilrår at det gis dispensasjon med vilkår om arkeologisk undersøkning av kulturminne-id 89237. Museet forventar at sjøavsette kulturlag innanfor tiltaksområdet kan avdekke eit rikhaldig og godt bevart arkeologisk gjenstandsmateriale knytt til skipstrafikk og hamneverksemd. Museet vurderer at det er potensial for å påvise fleire skipsvrak. I tilrådinga skriv Bergen Sjøfartsmuseum under «Vår vurdering og tilråding»:

«Bergens Sjøfartsmuseum har bedt om ytterligere avklaringer om estimert setning av sediment i store deler av Vågen. Antakelsen om at hoveddelen av sedimentet i Vågen består av sand og grus bygger på prøver tatt kun fra de øverste 10 cm av sjøbunnen, og vi er usikre på om dette kan regnes som representativt for hele sedimentkolonnen ned til fjell. Dessuten synes denne antakelsen å stå i kontrast til funnene fra sedimentkjernene som ble samlet inn i hele Vågen under undersøkelsen i 2010. Rapporten fra den undersøkelsen viser at sedimentet i store deler av Vågen består av gyttje (organisk-rikt mudder), og at det er løst i flere områder (se beskrivelsene av kjerner 22, 26, 28, 30, 31, 32, 34, 36, 37, 38, 39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 46, 47, 48 og 50 i rapporten om sedimentkjernene fra den arkeologiske undersøkelsen i 2010).

Vi finner eksemplene som Norconsult har lagt fram ikke fullt ut relevante for denne saken. Overdekkingene som ble brukt i den nederlandske havnen og på steinalderlokaliteten var betydelig lettere enn den som er planlagt for Vågen. Når det gjelder vraket Stora Sofia, tok vi kontakt med Thomas Bergstrand, arkeologen som hadde ansvar for prosjektet, som opplyste at hensikten med overdekkingen der var å forsegle vraket helt mot oksygen og pælemark (*Teredo navalis*). Mulige effekter av overdekkingens vekt og eventuelle tilhørende skader ble ikke vurdert, ettersom vraket allerede var så nedbrutt at det hadde mistet sine konstruktive egenskaper.

Vi anser det som sannsynlig at setning og komprimering av sedimentet i Vågen vil medføre liten eller ingen skade på keramikk/leirgods. Det samme kan imidlertid ikke sies med sikkerhet for organisk materiale eller eventuelle skipsvrak.

Vi erkjenner at overdekking av Vågen vil ha en positiv effekt på bevaringen av kulturminner ved å hindre videre erosjon av sjøbunnen. Vi anerkjenner også den miljømessige og samfunnsmessige verdien av tiltaket, som tar sikte på å håndtere det alvorlige problemet med spredning av forurensning på sjøbunnen.

På den annen side mener vi at overdekkingen vil gjøre kulturminnene permanent utilgjengelige. Selv om det ikke er helt umulig å fjerne den planlagte overdekkingen fra sjøbunnen, vil det i praksis være svært vanskelig, særlig fordi tiltaket legges under vann og er ment å hindre spredning av forurensning.

Vi anbefaler derfor at det gis dispensasjon på vilkår av at det gjennomføres en arkeologisk utgravning i utvalgte deler av Vågen før overdekkingen legges. Vi anser en slik utgravning som nødvendig på grunn av informasjonen Vågen forventes å inneholde, som ikke lenger vil være tilgjengelig når overdekkingen først er på plass. Den arkeologiske undersøkelsen i 2010 gir verdifull informasjon for å identifisere områder i Vågen med høy sannsynlighet for kulturminner og bevarte kulturlag. Som prosjektlederen for den undersøkelsen påpeker på side 6, 7 og 44 (Nøttveit O., Hovedrapport: Marinarkeologisk forundersøkelse i Vågen, Bergen, 2009–2010), var omfanget imidlertid svært begrenset, ettersom bare rundt 12 m² kunne graves, noe som tilsvarer om lag 0,069 prosent av hele Vågens areal. Dette utgjør en svært liten del av Vågen og kan ikke regnes som representativt for havnebassenget som helhet.

Videre stiller vi som krav at planlagt mudring i enkelte deler av havnebassenget gjennomføres under tilsyn av arkeologer fra Bergens Sjøfartsmuseum.»

Grunngjeving for vedtaket

Kulturminneforvaltninga skal verne om kulturminne som ikkje- fornybare ressursar og arbeide for at kulturminneverdiane blir best mogleg sikra og nyttiggjorde i eit samfunn i endring. Vi kan likevel gi løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne, etter ei konkret vurdering av dei kulturminnefaglege verdiane vegne opp mot private omsyn og omsyn til samfunnet.

I denne saka er det lagt vekt på føremålet som er tiltak mot forureina sjøbotn i hamneområdet Vågen, Bergen. Prosjektet er eit miljøtiltak mot forureina sjøbotn der Bergen hamn er ein av 17 kyst- og fjordområde i Norge som er prioriterte for opprydding. Prosjektet «Renere Havn Bergen», er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Bergen Hamn AS, der det er utført ei kartlegging som har påvist at sjøbotnen i Vågen er sterkt forureina av tungmetall og organiske miljøgifter. Risikovurderinga konkluderer med at det er ein uakseptabel risiko for spreiding av miljøgifter og negative effektar på økologi og human helse ved dagens miljøtilstand. Prosjektet har slik særleg høg samfunnsnytte.

På grunn av usikkerheit knytt til gjennomføring av tiltak og tiltaket si påverknad for kulturminne på kort og lang sikt, bad Bergens Sjøfartsmuseum og Vestland fylkeskommune i brev datert 09.07.2025 søkjar om ytterlegare utgreiingar. Kulturmiljøforvaltninga sette krav om at risiko og usikkerheit og negative verknadar på kulturmiljø av nasjonal verdi måtte greiast ytterlegare ut og minimerast før vi kunne ta ei avgjerd i saka.

I svarbrev frå Cowi, datert 30.09.2025 er tiltaket redusert i omfang, og det utgreidd kva konsekvensar tiltaket vil kunne få for kulturminne-ID 89237. Brevet inneheldt mellom anna ein geoteknisk vurderingsrapport (Cowi) og ein marinarkeologisk vurderingsrapport (Norconsult), om tildekkinga si moglege påverknad på marine kulturminne og kulturminnelag i Vågen. Den geotekniske vurderinga konkluderer med at tilleggslasta er så låg at kompresjonen vurderast som minimal, dette gjeld spesielt for kulturlaga som ligg djupare enn 0,5 til 1 meter ned i sjøbotn. Den estimerte setninga er soleis liten og skjer innanfor det øvste sedimentlaget. Vurderinga i rapporten til Norconsult er basert på samanliknbare tilfelle der kulturminne har blitt tildekt med liknande metodar. Norconsult vurderer også at tiltaket vil medføre ein minimal kompresjon på kulturlaga som ligg djupare enn 1 meter ned i sjøbotn. Den øvste meteren og særleg halvmeteren av sjøbotnen får større belastning, men samla er den totale kompresjonen likevel liten. Norconsult ser også at tildekkinga vil ha ein positiv effekt, då den vil beskytte kulturlaga mot erosjon, kulturmiljøforvaltninga støttar denne konklusjonen.

Kulturminnet er av ei slik art at det ikkje kan reknast som vanleg førekommande, då ein ikkje har tilsvarande hamneområde i landet. Berre ein svært liten del av Vågen er arkeologisk kartlagt, men forundersøkinga viser at kunnskapspotensialet er stort. Tiltaket skal gjennomførast i heile det freda kulturminnet si utstrekning. Så langt vi kan sjå vil tiltaket medføre at kulturminna og kulturlaga i Vågen blir permanent tildekte, og slik gjort utilgjengeleg for kulturmiljøforvaltninga. Mottekne vurderingsrapport frå Norconsult og Cowi gjer grundig informasjon om dei kjende verknadane og utrekningane bak metoden. Rapporten konkluderer med at påverknaden på kulturminnet vil vere minimal og konsentrert til den øvste delen. Dette er også den delen som er mest utsett for erosjon, og tiltaket vil her ha positive verknadar for kulturminnet, då ein unngår vidare erosjon av kulturlaga. Kulturmiljøforvaltninga er likevel uroa over kva konsekvensar tiltaket vil få for kulturminna og kulturlaga i Vågen. Det ikkje gjennomført tilsvarande tildekking av eit kulturminne av denne typen i eit slik omfang og utstrekning, og vi har difor avgrensa kunnskap om korleis tildekkinga vil påverke kulturlaga i denne konkrete saka.

Kulturmiljøforvaltninga legg vekt på at tiltaka har særleg høge samfunnsomsyn, då det skal hindre spreiding av miljøgifter til menneske og miljø. Søkjar har også utgreidd for moglege følgjer og påverknad som tildekkinga vil ha. Samtidig har Vågen eit særleg høgt kjeldepotensiale, og desse verdiane må også sikrast. Vi kan ikkje seie sikkert kva innverknad tildekkinga vil ha for kulturminna, og heile Vågen, kulturminne-id 89237, vil i praksis bli permanent utilgjengeleg for vidare undersøkingar. Vi vurderer det difor som naudsynt at kulturminneforvaltninga må gjennomføre ei marinarkeologisk undersøking i delar av området før tildekking, for å slik å sikre kjeldeverdien og kunnskapspotensialet.

Tilhøve til anna lovverk

Dersom tiltaka krev løyve etter anna lovverk, må søkjaren sørge for dette før tiltaket kan gjennomførast.

Tiltaka kan ikkje gjennomførast før de har motteke ferdigmelding

Når den arkeologiske granskinga er gjennomført, sender Bergens Sjøfartsmuseum melding om dette til Vestland fylkeskommune som så snart som mogleg etter dette vil sende ferdigmelding til «Renere Havn». Først når de har mottatt ferdigmeldinga, kan tiltaket gjennomførast.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 6 veker frå du har mottatt dette brevet, jf. kulturminnelova § 8 første ledd tredje punktum. Klaga skal stillast til Riksantikvaren, som er klageinstans, men sendes til oss, gjerne på e-post til post@vlfk.no. Dersom vi ikkje gjer dykk medhald, sender vi klaga til Riksantikvaren, som avgjera saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?

Har du spørsmål, kan du kontakte sakshandsamar Sigrun Wølstad: Tlf. 969 44 535, e-post: sigrun.wolstad@vlfk.no

Med helsing

David J. Sandved
seksjonsleiar
KFO - Kulturarv

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 tilrådning.pdf
- 2 budsjettVågen.pdf
- 3 Budsjettforklaring Vågen.pdf
- 4 PROSJEKTPLANVÅGEN.pdf
- 5 03465-30 Kartvedlegg til dispensasjon jf. kml § 8,1 Vågen 750956 1 1 (1).PDF
- 6 03465-30 Innvilget søknad om dispensasjon jf. kulturminneloven § 8 første ledd for mudring, 750784 8 1.PDF
- 7 03465-30 §10 for Ren havn Vågen, Bergen kommune 750275 5 1.PDF
- 8 03465-30 22 03465-32 NIKUs budsjett 1023185 Vågen tildekking 750931 1 1 750958 1 1.PDF
- 9 03465-30 22 03465-32 NIKUs prosjektplan 1023185 Vågen tildekking 750932 1 1 750957 1 1.PDF

Kopi til:

COWI BL BERGEN	Postboks 6051	5892	BERGEN
BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN
STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 4A	5302	STRUSSHAMN
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
COWI	Postboks 6412 Etterstad	0605	OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR KULTURMINNEFORSKNING	Postboks 736 Sentrum	0105	OSLO